



Alversund Maskinstasjon A.S

Til
Aver kommune

Sak 21/9592 – 22/81691
Utforming av tiltak i Isdalelva ved Gnr.185/Bnr.35

For å sikre eigendom mot flaumvassføring er det tenkt å utvide elveløp ved plassering av ny bru.
Tiltak er tenkt gjennomført på ein skånsom måte for – om mogeleg – også å betre gyteforhold for aure.

Det vert først lagt pukk og deretter eigna grus mot terreng i bakkant av steinmurane. Dei nye steinmurane langs elvekanalen vert mura ved at steinane vert lagt lagvis med overlapp retning nedstraums for å sikre at vatnet ikkje vert unødvendig hindra eller at vatnet skal kunne rive ut stein. Steinane vert plassert for å sikre at det vert naturlege opninger i mellom kvar stein, for å betre gyteforholda.

Sidan det pr. i dag er grunnfjell i botn under eksisterande bruløp, noko som gjer at eksisterande gyteforhold er därlege, vil dette tiltaket uansett betre desse forholda.

Dersom det er mogeleg – og naturleg – med tanke på grunnforhold mot vest under nytt bruløp, vil ein også sikre ny elvekanalbotn ved også å legge pukk og deretter eigna grus under steinheller som då vil verte lagt med lagvis overlapping langs botnen for både å sikre transport av vatnet (for å unngå utgraving) og samstundes betre gyteforholda.

Ei ny og lengre bru vil også skape meir skugge over elva, noko som også kan vere positivt for gytinga.

Når det gjeld kantvegetasjon, vil tiltaket uansett ikkje ha noko innverknad på eksisterande forhold, då naboeigedomen, der elva renn, vert beita av småfe. Eventuelle forbetingstiltak her må evt. utførast av nabo i samråd med landbruksavdelinga i Alver kommune.

Mvh
Ove Myking

Boring
Sprenging
Graving
Transport

Veggrus
Singel
Oppretting
Stein

Usortert jord
Sortert jord



E-post: ove@alversund-maskinstasjon.no
Org.nr. 937 664 044 MVA

Mob: Ove 918 52 501
Steinar 918 52 510
Ronny 913 23 473